

Gruppe- styremøte i Haram Venstre 2. juni 2014

Stad: Kulturkafeen, Brattvåg kl. 17.30.

Tilstade: gruppeleiar Kristian Stråmyr, leiar Ole Johan Høyberg, nestleiar Thomas Vadset, styremedlem Malin Storholt, styremedlem Eili Å. Arntsen og ordinær medlem Kjetil Fiskergård.

Gyldig forfall: UV rep. Håvard Urkedal.

Kommentar til førre protokoll: Vadset, Storholt og Fiskergård deltok på møte med Pål Farstad på Skodje 25. mars for Haram Venstre. Partiet er no registrert i einingsregisteret i Brønnøysund.

Saker:

1. Kommunesamanslåingsdebatt

-Notat om kommunereform blei utdelt, og Kristian Stråmyr orienterte styret om stoda i kommunestyret. Alle tilstade fekk høve til å presentere sitt syn på saka. Gjennomgåande var det aksept for utviklinga, men viktige finansielle og demokratiske spørsmål treng avklaring. Kva oppgåver kommunane skal ha i framtida er avgjerande for den vidare prosessen framover. Eit fleirtal tok til orde for at Haram framleis bør å vere ei landkommune, og problemstillinga ved å bli ein del av Ålesund blei drøfta. Styret tek bakgrunn i debatten når politikken skal utformast i programmet 2015.

2. Saker frå formannskapet og planutvalet

-Kristian Stråmyr orienterte, og det var ingen vidare kommentarar til sakene.

3. Framlegg til fylkestingskandidatar og program.

-Styret vel Eili Å. Arntsen og Kristian Stråmyr til å stille til som kandidatar frå Haram.

-Tillegg til programmet: Arbeide for Hamnsundsambandet etter Nordøyvegen er på plass, og sikre tilrettelagt undervisning på vgs.

4. Tverrpolitisk samarbeid 2015

-Styret år inn for å lodde stemninga hjå dei andre partia om å arrangere ein internettoverført toppkandidatdebatt.

5. Eventuelt

-Ev. stille spørsmål i kommunestyret om korleis den politiske styringsstrukturen fungera i praksis .

Referent:

Sekretær Kristian Stråmyr